

RADONMÅLINGAR Vik skule og barnehage

I Vikebygd barnehage blei det i februar 2010 gjort radonmålingar. Desse viser gjennomsnittsverdiar frå 249 til 498 Bq/m³ i dei ulike romma. Grensa for at ein skal setje i verk tiltak er 100 Bq/m³, og maksgrense som blir godtatt å ha er 200 Bq/m³. (1000 Bq/m³ tilsvarar risikoen for lungekreft som ein som røyker dagleg).

Gjennomsnittsverdiane får me når målingane gjennom heile veka er med, også i helga når ventilasjonsanlegget ikkje står på. Når ventilasjonsanlegget er på blir verdiane redusert til akseptabelt nivå. Ventilasjonsanlegget blir difor starta før barna kjem i barnehagen og på skulen om morgonen.

Vindafjord er ein kommune der Radongass kjem opp frå grunnen og utgjer eit problem i mange bygg. Når den nye Vik skule og barnehage blei bygd blei det montert røyr under bygget. Desse er klargjort slik at ein kan setje inn vifter som skaper undertrykk. Viftene tar då bort radongassen før den kjem opp i sjølve barnehagen. Kommunen vil nå montere vifter her slik at ein ikkje berre er avhengig av ventilasjonsanlegget.